DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

# Møteprotokoll

Møte i Ål kyrkjelege fellesråd
Stad: Kyrkjestugu
Dato: 08.03.2023
Tidspunkt: 19.30 – 20.45

| Til stades: | Varamedlem for: |
| --- | --- |
| Torfinn Slåtto | |
| Arild Øystese Hansen | |
| Einar Brattegard | |
| Sveinung Hansen | |
| Else Karin Veslegard | |
| Birger Bolstad | |
| Wenche Smestad | |

Forfall: Solveig Vestenfor har meldt forfall, varaordfører Ole Egil Trintrud kunne ikkje møte.

Frå administrasjonen møtte:
Kyrkjeverje Trond B. Augunset

Torfinn Slåtto
Leiar

**Godkjenning av møteinnkalling og saksliste:**
Møteinnkalling og saksliste vart godtkjent utan merknadar.

**Godkjenning av møteprotokoll møte 26.01.2023:**
Møteprotokoll frå fellesrådsmøte 26.01.2023 var godkjent utan merknader.

## AK 8 /23 Årsmelding og årsregnskap 2022 for Ål kyrkjelege fellesråd

**Vedlegg:**
Årsmelding for 2022 for Ål kyrkjelege fellesråd
Rekneskap for 2022
Oversikt over uteståande fordringar

**Saksopplysningar:**
Kravet til årsmelding o –rekneskap er gitt i Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkje § 12.

> § 12.Årsregnskap og årsberetning
> (1) Det skal for hvert kalenderår utarbeides årsregnskap og årsberetning.
> (2) Soknets organer vedtar selv sine årsregnskap. Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig mindreforbruk eller dekning av regnskapsmessig merforbruk.
> (3) I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske stillingen til soknets organer og resultatet av virksomheten når dette ikke framgår av årsregnskapet. Årsberetningen skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for virksomheten.
> (4) I årsberetningen skal det gjøres rede for
> a., den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestillingen, herunder kjønnsfordelingen i styrende organer,
> b., eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn,
> c., eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag, og
> d., eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.

**Vurdering:**
Årsmeldinga skal vere ei tilbakemelding på til fellesrådet på den aktiviteten som har vore i 2022. I tillegg bør årsmeldinga syne korleis kyrkjeverja har levert på dei måla som fellesrådet har satt.
Kyrkjeverja meiner det er naudsynt, for kommande år, å sette konkrete tiltak og prioriteringar. Dette vil skje i arbeidet med arbeidet med strategiar for kyrkjene i Ål.
Kyrkjeverja meiner årsmeldinga syner den aktiviteten som har vore i fellesrådet i 2022.
Det er i årsmeldinga gjort ei vurdering av den økonomiske stillinga til fellesrådet.
Det er vidare gjort greie for den faktiske kjønnslikestillinga i fellesrådet, jfr revisor sine merknadar.

**Framlegg til vedtak:**
Ål kyrkjelege fellesråd vedtar å legge rekneskap og årsmelding fram til revisjon med følgjande disponeringar: Rekneskapsmessige underskott på kr. 195 380 som vert dekka frå disposisjonsfondet konto 25602001

**Handsaming i fellesrådet:**
Kyrkjeverja orienterte om saka

**Røysting:**
Framlegget vart einstemmig vedtatt.

**Vedtak**
Ål kyrkjelege fellesråd vedtar å legge rekneskap og årsmelding fram til revisjon med følgjande disponeringar: Rekneskapsmessige underskott på kr. 195 380 som vert dekka frå disposisjonsfondet konto 25602001

**Eventuelt:**

Mandat tilsetting av reinhaldar.
Partsamansatt utval gis fullmakt til å tilsette reinhaldar.

Namna minnelund: Det vart orientert om arbeidet. Det vert fremma ein sak til neste møte om endring i utforming.

Branntilsyn: Kyrkjeverje orienterte om saka.